

**Møteprotokoll ekstraordinært
representantskapsmøte for
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS**

**Bergen Byarkiv
Tirsdag 20. mai 2014**

Sak 01.14 Oppteljing av representantskapsmedlemmer.

Bakgrunn for saka:

I følgje selskapsavtalen, skal det gjerast opprop og oppteljing av representantskapsmedlemmene. Representantskapen er vedtaksføre dersom 16 eller fleire av eigarane er tilstades samt 67 % av eigarandelane er representert.

Saksutgreiing:

Saka vert lagt fram av møteiar.

Representantskapen si saksbehandling.

Stemmer og eigarandela vart talde opp.

Tilstades:

Kommune:	Eigarandel	Etternamn:	Fornamn:
Askøy	4,61	Johannesen	Nina
Austevoll	2,85	Fagerbakke	Astrid
Fedje	1,97	Sande	Jan Torry
Fitjar	1,97	Meyer	Benedicte
Fusa	2,85	Teigen	Gunn Sissel
Granvin	1,97	Gåsøy	Rigmor Bøthun
Jondal	1,97	Oppedal	Else
Kvam	3,73	Mæland	Gunnvor
Kvinnherad	4,61	Haugen	Elin Valland
Lindås	4,61	Hoas	Ole Georg
Masfjorden	1,97	Håheim	Gerd Allis
Os	4,61	Reite	Torill
Osterøy	4,61	Kolvangsnes	Astrid
Radøy	2,85	Thommassen	Lin Tove
Stord	4,61	Ravnskog	Elin
Sund	3,73	Kausland	Jørgen
Tysnes	1,97	Lien	Eva Storetvedt
Ullensvang	2,85	Sandstaa	Eir
Ulvik herad	1,97	Kolås	Britt
Vaksdal	2,85	Sigmund	Simmenes
Voss	4,61	Jordal	Kristin
Øygarden	2,85	Svellingen	Berit Margrethe
	70,62		

Forfall:

Kommune:	Eigarandel	Etternamn:	Fornamn:
Bømlo	3,73	Løklingholm	Aud
Eidfjord	1,97	Utlatun	Ingjerd
Etne	2,85	Hetland	Elling
Fjell	4,61	Sørli	John
Meland	3,73	Barstad	Lars
Modalen	1,97	Nåmdal	Inga Jorunn
Odda	3,73	Naa	Turid
Samnanger	1,97	Tjønna	Monica
Sveio	2,85	Martinsen	Bjarne Aksnes
Austrheim	1,97	Osen	Jan Olav
	29,38		

Representantskapen talde 23 eigarar og 70,62 % av eigarandelane. Representantskapen var såleis vedtaksføre.

Sak 02.14. Val av møteleiar og referent samt to medlemmer til å skrive under protokollen.

Bakgrunn for saka:

Jfr. Selskapsavtalen § 9 Representantskapsmøte, skal det veljast møteleiar og referent samt to medlemmer til å underskrive protokoll.

Jfr. Selskapsavtalen § 9, 13. setning skal representantskapsmøta leiast av representantskapsleiar eller nestleiar når leiar ikkje er til stades. Om begge er fråverande, skal det veljast ein møteleiar. Møteleiar er ansvarleg for at det vert ført protokoll frå møta. Protokollen skal underskrivast av møteleiar og to representantskapsmedlemmer som vert valde ved møtestart.

Saksutgreiing:

Saka vert lagt fram av møteleiar i møtet.

Styret sitt forslag til vedtak:

Møteleiar: Birte Aasen
Referent: Rune Lothe

Til å underskrive protokoll:

Jørgen Kausland
Eva Storetveit Lien

Representantskapet sitt vedtak:

Møteleiar: Birte Aasen
Referent: Rune Lothe

Til å underskrive protokoll:

Jørgen Kausland
Eva Storetveit Lien

Vedtaket var einstemmig

Sak 03.14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Bakgrunn for saka:

Jfr. selskapsavtalen § 9 skal leiar i representantskapet kalle inn til representantskapsmøte med 4 vekers varsel. Innkallinga skal vere skriftleg og innehalde saksliste. Deltakarkommunane skal ha varsel om representantskapsmøte med same frist. Ordinært representantskapsmøte skal gjennomførast innan utgangen av april månad.

Saksliste:

Sak 01.14 Oppteljing av representantskapsmedlemmer

Sak 02.14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 03.14 Val av møteleiar og referent samt to medlemmer til å underskrive protokoll

Sak 04.14 Endring av budsjettrammer for 2014

Sak 05.14 Årsmelding for 2013

Sak 06.14 Rekneskap for 2013

Sak 07.14 Handlingsplan overordna mål for drifta 2015-2018

Sak 08.14 Økonomiplan for 2015-2018 – Budsjettrammer for 2015

Sak 09.14 Val til styret

Sak 10.14 Val til valnemnd

Styret sitt forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og saksliste.

Representantskapet sitt vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og saksliste.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 04.14 Endring av budsjetttrammer 2014

Bakgrunn for saka:

Jf. lov om interkommunale selskap § 20 skal representantskapet ein gong pr. år vedta selskapet sin økonomiplan. Denne skal leggest til grunn ved selskapet sitt budsjettarbeid og øvrige planarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettåra og gje ein realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgaver.

Saksframstilling:

Vi har frå tida då budsjettet for 2014 vart vedteke i april 2013 hatt vesentlege endringar i forutsetningane for budsjetttrammene for selskapet. Dette skuldast mellom anna at det er tinga fleire hyllemeter til depot enn antatt då budsjetttrammene vart sette opp. Vi har difor både større utgifter og inntekter enn tidligare. I følgje IKS-lova, skal representantskapet orienterast om dette med tanke på at nye budsjetttrammer for 2014 må vedtakast. Vedtaket gjev ingen økonomiske konsekvensar for eigarkommunane for 2014.

Budsjett 2014 (vedteke forslag)

Utgifter	2014
Sosiale utgifter og lønn	4 000 000,00
Driftsutgifter	2 800 000,00
Avsetninger	
Sum, utgifter	6 800 000,00
Inntekter	
Eigartilskot frå kommunane	2 958 000,00
Depotinntekter	2 525 000,00
Andre inntekter	550 000,00
Bruk av fond	767 000,00
Sum, inntekter	6 800 000,00

Budsjett 2014 (nytt forslag)

Utgifter	2014
Sosiale utgifter og lønn	3 950 000,00
Driftsutgifter	4 050 000,00
Avsetninger	
Sum, utgifter	8 000 000,00
Inntekter	2014
Eigartilskot frå kommunane	2 958 000,00
Depotinntekter	3 725 000,00
Andre inntekter	550 000,00
Bruk av fond	767 000,00
Sum, inntekter	8 000 000,00

Styret legg til grunn følgjande føresetnader i rammene for budsjettet for 2014.

- Selskapet skal ha 6 fulltidstilsette og drifta skal gå i balanse.
- Styret gjer ingen auke i eigartilskotet.
- Styret gjer ingen endringar i depotavgifta for papir som vert verande 450,- kr pr. hm.
- Styret gjer ingen auke i e-depotavgifta.

Budsjettrammer 2014			
Utgifter	Budsjett 2014	Budsjett 2013	Rekneskap 2013
Sosiale utgifter og lønn	3 950 000,00	3 834 000,00	3 680 937,00
Driftsutgifter	4 050 000,00	2 674 000,00	2 918 840,59
Avsetninger			
Investeringer			
Sum, utgifter	8 000 000,00	6 508 000,00	6 599 777,59
Inntekter			
Eigartilskot	2 958 000,00	2 958 000,00	2 957 834,88
Deponeringsavgifter	3 725 000,00	2 550 000,00	2 499 518,10
Andre inntekter	550 000,00	500 000,00	1 172 867,33
Bruk av fond	767 000,00	500 000,00	500 000,00
Sum, inntekter	8 000 000,00	6 508 000,00	7 130 220,20

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapen ved IKAH vedtek budsjettrammene for 2014 med dei føresetningar som ligg føre.

Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Representantskapen sitt vedtak:

Representantskapen ved IKAH vedtek budsjettrammene for 2014 med dei føresetningar som ligg føre.

Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Vedtaket var einstemmig

Sak 05.14 Årsmelding for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2013

Bakgrunn for saka:

Årsmelding for IKAH skal jf. § 27 i IKS-lova leggjast fram for styret samt underteiknast før det vert sendt revisor og endelig fastsett av representantskapet på representantskapsmøte.

Sakshandsaming:

Vedlagt ligg årsmelding for IKAH for 2013 m/noter. Årsmeldinga vert lest opp i møtet.

Styret sitt forslag til vedtak:

Representantskapen godkjenner årsmeldinga for 2013.

Representantskapen sitt vedtak:

Representantskapen godkjenner årsmeldinga for 2013 med merknader

Vedtaket var einstemmig.

Vedlegg: Årsmelding for 2013

Sak 06.14. Rekneskap for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2013

Bakgrunn for saka:

Rekneskap for IKAH skal jf. § 27 i IKS-lova leggest fram for styret samt underteiknast før det vert sendt revisor og endelig fastsett av representantskapet på representantskapsmøtet.

Sakshandsaming:

Vedlagt ligg rekneskap for IKAH for 2013 m/noter. Rekneskapen for 2013 syner at når det gjeld driftsutgifter har vi gått om lag 245 000,- kr. over budsjettert ramme. Meirforbruket skuldast mellom anna underbudsjettering av aukte utgifter til kurs, reisekostnader i forbindelse med reiser ut til eigarkommunane, innleige av konsulentenester i forbindelse med oppdragsverksemd for eigarkommunane og flytting av arkiver til nye depot samt innføring av fullelektroniske arkiv for IKAH som vart dyrare enn budsjettert.

Grunna at vi deler av året hadde ei stilling ståande vakant, fekk tilbakeført noe arbeidsgjevar-avgift samt har hatt lågare pensjonsutgifter, har vi hatt eit mindreforbruk på om lag 153 000,- jamfør budsjetteramma til lønn og sosiale utgifter. Difor syner rekneskapen at når det gjeld utgifter har vi samla sett har gått om lag 92 000,- kr. over budsjettert ramme.

Når det gjeld andre inntekter har vi generert eit overskot på 672 867,- kr. jfr. budsjetteramma. Overskotet skuldast eigen inntjening. Vi fekk inn meir en det vi hadde budsjettert for når det gjaldt refusjonar, finansinntekter, kursinntekter samt salg av konsulentbistand.

Så til tross meirforbruk jamfør drift, har eit mindreforbruk på lønn sosiale utgifter grunna vakanse samt overskot på eigen inntjening, resultert i eit overskot på 530 462,71,- kr.

Overskotet vert utan at anna vert bestemt ført over til disposisjonsfond.

Styret si innstilling:

Representantskapen godkjenner rekneskapen for 2013.

Representantskapen sitt vedtak:

Representantskapen godkjenner rekneskapen for 2013.

Vedtaket var einstemmig.

Vedlegg: Rekneskap og revisjonsberetning.

Sak 07.14 Handlingsplan for IKAH 2015-2016.

Bakgrunn for saka:

Selskapet legg kvart år fram overordna mål og retningslinjer, kalla handlingsplan. Denne gjeld for 4 år av gongen, men vert rullert kvart år. Handlingsplanen vert vedteken av styre samt lagt fram som eiga sak på representantskapsmøtet for godkjenning.

Saksframstilling:

Selskapet sitt formål:

Selskapsavtalen fastslår at IKAH sitt formål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jfr. lov om arkiv § 6.

Sentrale målsetningar i perioden 2015-2018:

Satsningsområde 1- Arkivdepot og formidling.

Vi har pr. i dag 31 eigarkommunar som har inngått depotavtale med IKAH. Utgiftene til drift av depot og formidlingstenesta vert dekkja av ei eigen depotavgift. Handlingsplanen legg opp til følgjande oppgåver:

Tiltak:	2015	2016	2017	2018
Tilsyn og ekspedering frå arkivdepot.	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Gjennomføre mottak og deponering av personregister frå før 2005.	Start	Ferdig	-----	-----
Gjennomføre mottak av eldre arkiv før 1965	Ferdig			
Utarbeide nye prosedyrar for deponering av eldre arkiver	Ferdig			
Innføre depotstyringssystem	Ferdig	-----	-----	-----

Satsningsområde 2 -Digitalt sikringsdepot.

Vi har i dag 28 kommunar som har avtale om depot for elektronisk arkivmateriale med IKAH. Tenesta er under oppbygging, og det er venta ei ny forskrift som skal regulere arbeidet. Utgiftene vert dekkja av eit eige tilskot. Handlingsplanen legg opp til følgjande:

Tiltak:	2015	2016	2017	2018
Deponering av datasett	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår

Vedlikehold og ekspedering av elektronisk arkiv i depot	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Strategi for samt etablering av digitalt sikringsmagasin.	Ferdig	Evaluering		
Ta i bruk nye verktøy for elektronisk avlevering samt etablere elektronisk innsyn	Ferdig	Evaluering		
Utvikle nye prosedyrar for deponering/avlevering av elektroniske arkiv	Ferdig	Evaluering		
Testing av mottak av elektronisk arkiv	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår

Strategiområde 3-Opplæring og rådgjeving

Tenesten omfattar all arkivfagleg rådgjeving, samt seminar og kursverksemd tilknytta arkivfaglege emner. Alle utgifter til dette tenesteområde er dekkja av eigartilskota.

Tiltak:	2015	2016	2017	2018
Besøke eigarkommunane	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Gjennomføre tre regionale arkivleiar-samlingar	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Gjennomføre ein årleg arkivfagleg konferanse	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Gjennomføre fire årlege felles kurs.	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Arrangere to årlege arkivplanworkshop	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår

Strategiområde 4 -Ordning av papirarkiv

Tenesta omfattar ordningsprosjektet for eldre arkiv (1837 – 1965) samt eit nytt prosjekt 1965-1992. Utgifter utanom materiell og transportkostnader er dekkja av eigartilskotet.

Tiltak:	2015	2016	2017	2018
Oppstart førebuing til avlevering papirarkiv for kommunar som har gått over til fullelektronisk arkivering.	For-prosjekt	Oppstart	Pågår	Ferdig
Tilleggskataloger eldre administrative arkiv frå 1837 fram til 1965	Start	Deponering	Ordning	Ordning

Ordne og katalogisere eldre administrative arkiv frå 1965 fram mot 1992	Start	Ordning	Ordning	Ordning
Ompakke og registrere eldre personregister før år 2000	Start	Ferdig		

Strategiområde 5 - Nyskaping:

Suksessrike verksemder er ofte kjenneteikna ved ei eiga evne til å omstille seg i takt med forventingane i omgjevnadane. Vi vil arbeide for ein plan vedrørende tilbakelevering av digitalisert dokumentasjon til eigarane på ein trygg og kostnadsbesparande måte.

Tiltak:	2015	2016	2017	2018
Plan for digital samhandling	Ferdig	Evaluering		
Sjå på nye tenester innanfor depot og formidling.	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår

Satsningsområde 6 –Medarbeidarar:

Vi har pr. i dag 7 tilsette og 6 fulle stillingar. Godt kvalifiserte og motiverte medarbeidarar er ein viktig ressurs for selskapet og eigarane. Handlingsplanen legg opp til følgjande tiltak:

Tiltak:	2015	2016	2017	2018
Utarbeiding opplæringsplan	Ferdig			
Gjennomføring trivselstiltak	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår

Strategiområde 7- Organisasjon:

Sørvis, kunnskapsrik, trygg og framtidsretta er verdiar som skal beskrive vår organisasjon. Vi skal forvalte selskapet og eigarane sine midlar i tråd med ei sunn økonomiforvaltning. Vi vil difor leggje opp til følgjande tiltak i handlingsplanen.

Tiltak:	2015	2016	2017	2018
Fullelektronisk fakturabehandling	I drift			
Sikkerheitsplanarbeid	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Vi oppgraderar heimesidene	Ferdig			

Strategiområde 8- Økonomi:

Våre økonomiplanar går over ein 4 års periode og skal jfr. selskapsavtalen gje eit realistisk oversyn over selskapet sine faktiske utgifter i den kommande perioden. Vi må ha sterkt fokus på kostnadskontroll og solid økonomiforvaltning i den kommande perioden. Vi vil difor leggje opp til følgjande tiltak i handlingsplanen.

Tiltak:	2015	2016	2017	2018
Opprette ny bankforbindelse / nettbankløysing	I drift			
Revidere husleiekontrakt	Ferdig			
Inngå ny avtale om revisjon	Ferdig			
Gjennomgang av avtalane med eigarane jfr. digitalt sikringsmagasin.	Ferdig			

Styret sitt forslag til vedtak:

Representantskapen godkjenner handlingsplanen for 2015-2018

Representantskapen si sakshandsaming:

Representantskapen behandla saka.

Representantskapen sitt vedtak:

Representantskapen godkjenner handlingsplanen for 2015-2018

Vedtaket var einstemmig.

Sak. 08.14 Økonomiplan for 2015-2018 – Budsjettrammer for 2015

Bakgrunn for saka:

Jfr. lov om interkommunale selskap § 20 skal representantskapet ein gong pr. år vedta selskapet sin økonomiplan. Denne skal leggjast til grunn ved selskapet sitt budsjettarbeid og øvrige planarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettåra og gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver.

Saksframstilling:

Vi skal i planperioden 2015-2018 gjennomføre tiltaka i strategi og handlingsplanen. I 2013 gjekk vi om lag 245 000,- over budsjett for driftsbudsjettet. Noko av dette syner at vi truleg er underfinansiert i forhold til aktiviteten og dei tenestene vi tilbyr kommunane.

Vi skal ved inngangen til 2015 forhandle ny kontrakt med Byarkivet for leige av større depot og kontorlokale. Årsaken til dette er at vi no vil legge beslag på eit større areale enn det vi tidligare har gjort. Dette skuldast mellom anna at eigarane bestilte meir depotplass enn det vi hadde rekna med. Vi skal òg i gang med eit nytt stort ordningsprosjekt som vil krevje meir plass til ordningsarbeid. Vi har vidare eit behov for å auke satsinga på tenester knytt til elektroniske arkiver. Vi får oppstartskostnader knytta til ny lønn og fakturaløysing samt eit depotstyringssystem. Styret meiner difor at det er naudsynt å auke tilskota frå kommunane.

Sentrale føresetningar i økonomiplanperioden:

Styret legg til grunn at kommunal deflator, eller den generelle prisveksten på kommunale tjenester vert 3,0 %

Vidare er det behov for yttelegare 2 % auke per år gjennom perioden til å dekke opp for at vi får større lokaler samt større andel fellesutgifter, samt at vi startar opp med eit nytt stort ordningsprosjekt i 2015.

Økonomiplanperioden 2015-2018

Utgifter	2015	2016	2017	2018
Sosiale utgifter og lønn	4 500 000,00	4 600 000,00	4 425 000,00	4 650 000,00
Driftsutgifter	4 000 000,00	4 150 000,00	4 200 000,00	4 373 000,00
Avsetninger				
Sum, utgifter	8 500 000,00	8 750 000,00	8 625 000,00	9 023 000,00
Inntekter	2015	2016	2017	2018
Eigartilskot frå kommunane	3 105 000,00	3 460 000,00	3 560 000,00	3 660 000,00
Depotinntekter	3 920 000,00	4 115 000,00	4 320 000,00	4 320 000,00
Andre inntekter	650 000,00	650 000,00	650 000,00	750 000,00
Bruk av fond	825 000,00	525 000,00	95 000,00	293 000
Sum, inntekter	8 500 000,00	8 750 000,00	8 625 000,00	9 023 000,00

Budsjettrammer for 2015.

Styret legg til grunn følgjande føresetnader i rammene for budsjettet for 2015.

- Selskapet skal ha 6 fulltidstilsette og drifta skal gå i balanse.
- Styret gjer ei 5 % auke i eigartilskotet
- Styret aukar depotavgifta for papir med 22 kr til 472,- kr pr. hm.
- Styret aukar e-depotavgifta med 5 %

Tabell viser påslag i kroner jamfør eigarandel i selskapet:

Eigarandel	Auke eigartilskot	Auke eigartilskot e-depot	Hm
4,61	kr 6 810,00	kr 1 957,00	kr 472,00
3,73	kr 5 513,00	kr 1 584,00	kr 472,00
2,85	kr 4 216,00	kr 1 152,00	kr 472,00
1,97	kr 2 918,00	kr 837,00	kr 472,00

Budsjettrammer 2015

Budsjettrammer 2015			
	2015	2014	Rekneskap 2013
Utgifter			
Sosiale utgifter og lønn	4 500 000,00	4 245 000,00	3 680 937,00
Driftsutgifter	4 000 000,00	3 755 000,00	2 918 840,59
Avsetninger			
Sum, utgifter	8 500 000,00	8 000 000,00	6 599 777,50
Inntekter	2015	2014	
Eigartilskot	3 105 000,00	2 958 000,00	2 957 834,88
Deponeringsavgifter	3 920 000,00	3 725 000,00	2 499 518,10
Andre inntekter	650 000,00	550 000,00	1 172 867,33
Bruk av fond	825 000,00	767 000,00	500 000,00
Sum, inntekter	8 500 000,00	8 000 000,00	7 130 220,20

Styret sitt framlegg til vedtak

Representantskapen ved IKAH vedtek budsjettrammene for 2015 med dei føresetningar som ligg føre.

Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Representatskapet sitt vedtak:

Representantskapen ved IKAH vedtek budsjetttrammene for 2015 med dei føresetningar som ligg føre.

Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Vedtaket var einstemmig.

Styret sitt framlegg til vedtak

Representantskapen ved IKAH vedtek økonomiplanen for 2015-2018 med dei føresetnadar som ligg føre.

Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Representatskapet sitt vedtak:

Representantskapen ved IKAH vedtek økonomiplanen for 2015-2018 med dei føresetnadar som ligg føre.

Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 09.14 Val av medlemmer til styret.

Bakgrunn for saka:

Selskapet skal jfr. § 10 ha eit styre. IKAH har eit styre med 5 medlemmer. Det skal og velgjast varamedlemmer. Styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for to år av gongen. Selskapsavtalen seier at valet skal gjennomførast slik at minst to styremedlemmer og varamedlemmer står på val kvart år. Selskapet er òg pålagt å ha kjønnsbalanse i styret. Det skal vere minimum to styremedlemmer av same kjønn i styret. Det skal vere minimum to varamedlemmer av same kjønn.

Vi har no varamedlemmer etter liste. Det har vore eit ynskje frå representantskapet at styret og eventuelt nye styremedlemmer er tilstades ved val til styre.

Sakshandsaming:

Saka vert lagt fram av valkomitéen i møtet:

Valnemnda for IKAH for perioden 2013-2014 er:

Leiar: Gunnvor Utne Mæland, Kvam
Medlem: Siv Bua Rasmussen, Sveio
Medlem: Berit Svellingen, Øygarden

Styret består i dag av:

Leiar: Jan Tore Helle
Nestleiar: Birte Aasen
Medlem: Ole J. Opkvitne
Medlem: Simen Soltvedt
Medlem: Sigrid Laupsa

Varamedlemmer etter liste er:

1. Bente Skjerping
2. Reidar Mehl
3. Jenny Aanderaa

Øyvind Olsen er representant for dei tilsette. Observatør frå Statsarkivet er Terje Nomeland og sekretær for styret er dagleg leiar Rune Lothe.

Valnemnda sitt forslag til vedtak:

Leiar: Jan Tore Helle (ikkje på val)
Nestleiar: Birte Aasen (attval)
Medlem: Ole J. Opkvitne ((ikkje på val)
Medlem: Sigrid Laupsa (attval)
Medlem: Simen Soltvedt (attval)

Varamedlemmer etter liste er:

1. Bente Skjerping (ikkje på val)
2. Reidar Mehl (ikkje på val)
3. Jenny Aanderaa (attval)

Representantskapen sitt vedtak:

Nestleiar: Birte Aasen (attval)
Medlem: Sigrid Laupsa (attval)
Medlem: Simen Soltvedt (attval)

Varamedlemmer etter liste er:

- 3. Jenny Aanderaa (attval)**

Vedtaket var einstemmig.

Sak 10.14 Val av valnemnda for IKAH 2014-2015

Bakgrunn for saka:

IKS-lova pålegg ikkje selskapet å ha ei valnemnd. Representantskapet kan imidlertid bestemme at val til styret og innstilling av medlemmer skal gjerast av ei valnemnd. Saka vert avgjort av Representantskapen.

Saksutgreiing:

Valnemnda for IKAH for perioden 2013/2014 har vore samansett slik:

Leiar: Gunnvor Utne Mæland, Kvam
Medlem: Siv Bua Rasmussen, Sveio
Medlem: Berit Svellingen, Øygarden

Saka vert lagt fram av valkomiteen i møtet.

Styret sitt forslag til vedtak for valnemnd for IKAH 2014-2015:

Leiar: Berit Svellingen, Øygarden
Medlem: Siv Bua Rasmussen, Sveio
Medlem: Gunnvor Utne Mæland, Kvam

Representantskapet sitt vedtak:

Leiar: Berit Svellingen, Øygarden
Medlem: Siv Bua Rasmussen, Sveio
Medlem: Gunnvor Utne Mæland, Kvam

Vedtaket var einstemmig.

Møtet heva klokka 11.25.



Rune Lothe referent



Jørgen Kausland



Eva Storetvedt Lien